



ATLØYS VENNER

ÅRSMELDING 2013

Maskindagboka fortel at hovudmaskina har gått om lag XXX timer 2013 – sesongen. Forutan problem med ei dieselpumpe i Bergen har vi ikkje hatt problem. Pumpa er no overhalt for 40.000,- og vi har no også nyoverhalt reserve om bord. Det er ikkje råd å få tak i ny. Vanleg vedlikehald er sjølvsagt utført fortløpande. Hovudmaskin og begge hjelgemotorar går godt, og vi kjenner ikkje til problem.

Styret har hatt 2 formelle møter etter seint årsmøte i oktober, og det er sendt ut ein medlemsinfo pr. post saman med kontingensten. Som vanleg er var det julebord på Samfunnshuset i desember, i tillegg har vi vore på teateret saman og sett «Dar kjem Dampen». Vi har ikkje hatt medlemsturar.

TURAR

Sesongen starta 15. april med tur til Dåfjorden for slipping. Seinare vart det slektstreff i Stavang, før turen gjekk til Bergen slutten av mai etter nokre småturar lokalt. I juli var vi stort sett på turistrute i Hardanger for første gang, før august starta med Fjordsteam i Bergen. Etter nokre veker heime vart det nye 4 veker i Bergen.

ØKONOMI

Økonomien i laget er god, men vi står framfor store utfordringar for å klare å gjere ferdig arbeidet med skroget. Totalt hadde Atløys Venner driftsinntekter på 262.333 som skriv seg frå sal om bord og kontingentar. Dette er om lag 300.000,- ned i forhold til føregåande år, noko som først og fremst skuldast at vi ikkje var på Fjordaferd i 2013. Etter fråtrekk for utgifter og tillegg av renteinntekter set vi at med om lag 115.100,- netto, om lag 75.000,- under førra år. Ved årsskiftet hadde Atløys Venner 871.848 på konto, og vi har framleis 700.000,- uteståande hjå Veteranbåtlaget Atløy.

Alle inntekter og utgifter til drift av båten, vedlikehald og restaurering går over Veteranbåtlaget Atløy sin rekneskap. 2013 vart eit godt drifts år for veteranbåtlaget, med leigeinntekter på 740.531,-, og overskot på 226.770,-.

DUGNAD

For første gang på mange år har M/S Atløy vore heile vinteren i Florø. Det har vore faste dugnadskveldar kvar måndag, og på det meste har det møtt 9 stk. Turboen er overhalt, og omdreiningstalet gjekk monalleg opp og maksfart er no 12,3 knop. Gledeleg er det at det også har dukka opp nye fjes. Båtdekket er skrapa ned to gangar, og det er godt innsett med terpentin og clipper2. I driftsesongen har vi mellom anna vore 3 veker i Hardanger og 8 veker i Bergen, så det vert fort timer.



ATLØYS VENNER

Pr. 31.12. fordeler dugnaden seg slik;

Mannskapsdugnad og vedlikehald	7.340 timer
Møter, rekneskap, sal og administrasjon	350 timer
Dugnad på slipp/verkstad	1.430 timer
Totalt	9.150 timer

Utover arbeid på verft er det ikkje betalt arbeidspengar til drift eller vedlikehald.

OPPSUMMERING

Verdien av dugnad utført av Atløys Venner ligg på omlag 2 323 500. Timesatsen er sett til 190 kroner for vanleg arbeid, og 385 kroner for arbeid som erstattar hjelpearbeidar på verft/lønna sertifiserte sjøfolk. Atløy kunne heller ikkje segle inn omlag 740.000 utan vår frivillige innsats.

Arbeidet går bra, men på grunn av manglende løyvingar frå Riksantikvar kan restaureringa dessverre ikkje halde fram. Forholdet til Riksantikvar, Skipskontroll og andre faglege instansar er godt. Vi kjenner ingen større svakheiter med båten utover det som framkjem i restaureringsplanen. Hausten 2014 vil vi venteleg ta til med siste del av skroget. Då lyt salongen framme rivast og ein del stål skiftast. Riksantikvaren estimerer dette arbeidet til 5 millionar.

Florø 18.05.2014

For styret

Sander Ødelien